



## **MØTEINNKALLING**

---

**Utval: Kommunestyret**  
**Møtedato: 26.08.2010**  
**Møtetid: -**  
**Møtestad: Kommunehuset**

---

*Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling*

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post [adm@samnanger.kommune.no](mailto:adm@samnanger.kommune.no)), som vil kalla inn varamedlem.

ordførerar/leiar av utval

## SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
035/10	09/86	Kraftledning mellom Sima og Samnanger - oppstart i Samnanger, nedsetjing av arbeidsgruppe og mandat.	

Oversikt faste saker
<ul style="list-style-type: none"><li>• Godkjenning av innkalling og sakliste</li><li>• Godkjenning av protokoll frå førre møte</li><li>• Val av tre representantar for underskriving av møteprotokoll (gjeld berre Kommunestyret)</li><li>• Delegerte vedtak/referatsaker</li><li>• Utvalet sitt kvarter</li></ul>



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	Arkivkode: FA-T11
Arkivsaksnr: 09/86	Løpenr: 10/2687
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr.	Saksbeh.
Kommunestyret	26.08.2010	035/10	HLV

### KRAFTLEDNING MELLOM SIMA OG SAMNANGER - OPPSTART I SAMNANGER, NEDSETJING AV ARBEIDSGRUPPE OG MANDAT.

---

#### Vedlegg i saka:

- OEDs klagebeh. datert 2.07.2010)
- Kart over Samnanger og kart over linjealternativ Sima –Samnanger
- Utdrag av landskapsanalyse kap 18. Samnanger – illustrasjon av master.
- Kommunestyrehandsaming sak 17/06

---

**Kva saka gjeld:** Kraftledning mellom Sima og Samnanger. Oppstart i Samnanger hausten 2010, nedsetjing av arbeidsgruppe og mandat.

#### Bakgrunn for saka:

Statnett søkte i 2006 konsesjon for ny 420 kV kraftledning frå Sima til Samnanger. Samnanger kommune gav høyringsuttale 14.09.06.

NVE gav Statnett konsesjon og ekspropriasjonstillating 30.05.08. Vedtaket vart påklaga av ei rekkje instansar og berørte grunneigarar.

OED avslutta klagehandsaminga 2.juli 2010, med følgjande konklusjon;

- ”OED stadfestar NVEs vedtak av 30.05.08 om anleggskonsesjon og ekspropriasjonstillatelse for 420 kV luftledning fra Sima til Samnanger med tilhørende anlegg.
- OED samtykker i Statsnetts søknad om omlegging av eksisterende 300 kV-ledning fra Mødalen til Samnanger transformatorstasjon.

- *OED ber Statnett søke konsesjon for bygging og drift av transformatorstasjonen i Øystese i Kvam herad som en forutsetning for sanering av 132 kV ledning fra Samnanger transformatorstasjon til Nordheimsund.*
- *Statnett vil sette av eit beløp på kr. 100 millioner til finansiering av avbøtene tiltak. Beløpet stilles til disposisjon for Hordaland fylkeskommune.”*

Klagen er endeleg og kan ikkje påklagast.

Spesielt i løpet av det siste året har det etablert seg ein massiv motstand mot utbygginga i Hardanger. Regjeringa kalla inn ordførarane i Hardanger, Samnanger, Bergen og omland til møte den 10.08.2010 på statsministeren sitt kontor. Der vart det gjeve informasjon om at eksterne ekspertar skulle vurdere sjøkabel som alternativ i Hardanger. Rapporten skal vera ferdig til 01.02.2011. Vidare skulle arbeidet med mastene starta frå Samnangersida allereie frå hausten 2010. Det skal vera ein tett dialog mellom regjeringa og berørte kommunar vidare i prosessen. Viser til vedlagt informasjon om framdrift.

### **Fakta:**

Utdrag frå vedtak – som gjeld følgjande elektriske anlegg;

- 92,3 km lang 420 kV kraftledning frå Sima kraftverk i Eidfjord til Samnanger transformatorstasjon
- Utviding av Samnanger trafostasjon med nytt 420 kV-anlegg, bestående av ein 1000 MVA 420/300 kV transformator og tilhøyrande høgspektanlegg.

I konsesjonen er det gjort ei rekkje presiseringar. Viser til s. 60 i klagehandsaminga. For Samnanger gjeld følgjande:

- Matte liner på heile strekninga frå Sima kraftverk til Samnanger.
- Mørke liner og komposittisolatorar forbi fossen Bratte.
- Traserydding skal begrensast til det nødvendige.
- Det skal utarbeidast ein miljøplan som begrenser terrenginngrep under anleggsarbeidet i størst mogleg grad og sikra at opprydding blir gjort på ein skånsom måte. Planen vert lagt føre NVE til godkjenning før anleggstart.
- Det skal utarbeidast ein transportplan som skal ligga føre NVE til godkjenning før oppstart.

Statnett har invitert berørte grunneigarar i Samnanger og Samnanger kommune til møte vedk. 420 kV Sima-Samnanger den 2.sept.2010.

Naturutvalet har vedteke å utarbeida Vassdragplan innan 2010. Vassdragsplanen er og omtala i klimaplanen.

### **Vurderingar og konsekvensar:**

Med oppstart frå Samnanger no haust vert det viktig å å ta del i dialogen med BKK og Statnett om utbygginga av transformatorstasjonen i Børdalen og mastene. Som nemnt ovanfor skal det verta utarbeidd planar for miljø og transport i samband med utbygginga. For Samnanger er det viktig å få status og medverknad på desse planane.

I samband med desse prosessane ønskjer ordføraren å oppretta ei arbeidsgruppe med mandat for å ivareta Samnanger sine interesser. Kommunestyret vert utfordra til å drøfta dette. Arbeidet med ein vassdragsplan må starta opp snarast, med tanke på korleis Sima-Samnanger utbygginga kan opna for vidare småkraftutbygging i kommunen (viser til vedlegg frå Samningen 13.08.10).

# Vedlegg:

## Utskrift frå Samningen den 13.aug.2010

### Kan Sima - Samnanger opna for småkraft?

Ordførar Marit A. Aase var ein av ordførarane som møtte mellom andre statsminister Jens Stoltenberg på eit møte i Oslo måndag. Ordføraren seier til Samningen at ho oppfatta møtet som svært positivt.

På møtet fekk ordførarane presentert opplegget med at sjøkabel gjennom Hardanger skal utgreiast nærmare, og at ein difor vil starta utbygginga med den delen av traseen som etter Statnett og regjeringa sitt syn uansett skal gå i luft, nemleg over Kvamskogen. Ein vil rett og slett starta bygginga i Samnanger, i staden for i Sima som først tenkt.

På møtet vart det også lagt vekt på at ein heretter ville strekkja seg langt for å ha ein god dialog med kommunane, at kommunane skal ha ein reell medverknad og at det for eksempel kan vera snakk om justeringar på traseen.

Ordførar Marit A. Aase vil bruka invitasjonen om dialog til å fremja Samnanger sine småkraftsaker.

Sjølv om det ikkje nødvendigvis er nokon direkte samanheng, vil ordføraren kopla utbygginga i Samnanger opp mot problemet med vidare utbygging av småkraft i Samnanger.

Som kjent er det for tida sett stopp for nye småkraftprosjekt her i kommunen fordi det ikkje er linjekapasitet til å ta mot krafta. Når staten no vil byggja stor linje inn til Samnanger og byggja om trafostasjonen i Børdalen, samstundes som BKK Nett har planar som gjeld det lokale nettet, bør det også sytast for å gjera nødvendige tiltak slik at lokale småkraftutbyggjarar kan få setja i verk sine prosjekt og få krafta på nett, meiner ordføraren.

Ordførar Marit A. Aase vil også bruka dialogen til å jobba aktivt for å få gjort noko med vernevedtaket for sideelvane til Eikedalsvassdraget. At hovudvassdraget her er verna er det ingen usemje om, ingen vil byggja ut Fossen Bratte eller fossen i Mørkhølen for eksempel. Men også sideelvane er omfatta av vernevedtaket.

Ordføraren synest det er urimeleg at grunneigarane som vil byggja ut sideelvar til Eikedalsvassdraget, for eksempel i Børdalen og oppover ved Jarland, med dei minimale naturinngrepa det vil medføra, skal få nei, medan Statnett skal få lov å byggja ei stor og svært synleg linje over Kvamskogen og ned til Børdalen.

Elles er det ein del som spør seg om det kan verta snakk om ei vidare utbygging frå Børdalen til Bergen, at Sima – Samnanger berre er første steg på veg til Bergen.

Ordførar Marit A. Aase seier at dei har teke dette opp med både BKK og NVE fleire gonger, seinast på eit møte no i juli. Men dei har heile tida vorte forsikra om det ikkje er planar om noko ny linje frå Børdalen til Bergen. Krafta som kjem inn til Børdalen kan fordelast på fleire linjer, så ved å oppgradera eksisterande nett vil ein ha kapasitet til å ta krafta inn til Bergen.

